



## Frivillighetsregisternemnda

---

### Vedtak i Frivilligregisternemnda 21. mars 2024

**Sak 2024/196 - Vitensenteret i Sogn og Fjordane - org.nr. 920 643 515 - klage over vedtak om sletting av eining frå Frivilligregisteret**

**Frivilligregisternemnda sine medlem:** Leiar Martin Hennig, og medlemmane Shabneet K. Bains, Elisabet Ekberg, Bernard Enjolras og Stian Slotterøy Johnsen

#### Bakgrunnen for saka

- (1) Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS (klager) vart registrert i Frivilligregisteret 7. september 2018.
- (2) Frivilligregisteret sende 15. september 2023 eit informasjonsbrev med pålegg om å gi opplysningar til Vitensenteret Innlandet AS og Vitensenteret Sogn og Fjordane AS. Den 18. september 2023 sende Frivilligregisteret eit tilsvarende informasjonsbrev til Bergen Vitensenter AS. I breva vart det opplyst om at selskapa ville bli sletta frå Frivilligregisteret, dersom selskapa ikkje sende dokumentasjon på at dei har registreringsrett. Pålegget og førehandsvarselet var grunnlagt med at aktivitetane til selskapa er organiserte av det offentlege, og at selskapa derfor ikkje driv frivillig verksemd.
- (3) Frivilligregisternemnda vil i denne saka behandle klagen frå Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS. Vitensenteret Innlandet AS og Bergen Vitensenter AS sin klage blir behandla høvesvis i sak 2024/184 og sak 2024/197 for Frivilligregisternemnda.
- (4) Dei tre vitensentera sende 5. oktober 2023 eit felles brev med informasjon i tråd med pålegget og gjorde gjeldande at selskapa hadde registreringsrett i Frivilligregisteret. I brevet blir det vist til at eigarstrukturen til vitensenteret ikkje har endra seg sidan senteret fekk innvilga registrering. Klagar gjer gjeldande at det ikkje er eit krav for registreringsrett etter frivilligregisterlova at det offentlege ikkje kan eige fleirtalet av aksjane. Vitensenteret har sjølvstendig drift, og aktivitetane til klagar har ikkje nokon direkte samband med det offentlege eigarskapet. Verksemda til klagar ligg derfor utanfor det som blir rekna som utøving av offentleg myndigheit. I tillegg blir det vist til at under halvparten av driftsinntektene kjem frå offentlege tilskot, og at dei offentlege eigarane, som utgjer eit fleirtal av aksjonærane, ikkje er forplikta til å bidra økonomisk til drifta. Sjølv om det offentlege er representert i styret til selskapet, har ikkje det offentlege full organisatorisk kontroll over verksemda. Dei offentlege eigarane kjøper dessutan varer og tenester frå vitensenteret på same vilkår som andre offentlege aktørar. Avslutningsvis gjer klagar gjeldande at dei andre vilkåra for registreringsrett er oppfylte. Det blir vist til at selskapet ikkje har som formål å skaffe eigarane økonomisk utbytte og at verksemda er allmennyttig. Det blir elles vist til klagen i sin heilskap.

**Postadresse:**

Postboks 511 Sentrum  
5805 Bergen

**Besøksadresse:**

Zander Kaaes gate 7  
5015 Bergen

Telefon: +47 55 19 30 00 [post@knse.no](mailto:post@knse.no)

- (5) Frivilligregisteret fatta 6. desember 2023 vedtak om å slette Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS frå registeret, med den grunngeving at aktivitetane til selskapet er organisert av det offentlege, og at selskapet derfor ikkje driv frivillig verksemd, jf. frivilligregisterloven § 3 første ledd. Det blir vist til at det kjem fram av aksjonærregisteret at det offentlege eig fleirtalet av aksjane i selskapet. Frivilligregisteret har også grunnlagt vedtaket med at selskapet ikkje utelukkande gjer utdelingar til frivillig verksemd, og at selskapet derfor ikkje er ei registreringseining, jf. frivilligregisterloven § 4 bokstav d.
- (6) Etter korrespondanse med Frivilligregisternemnda sende Frivilligregisteret 2. januar 2024 ein e-post til klagar der det vart bedt om at selskapet tok stilling til om brevet frå selskapet 5. oktober 2023 var ein klage på informasjonspålegget eller slettingsvedtaket. Klagar stadfesta 2. januar 2024 at selskapet ønskte å klage på slettingsvedtaket og viste til merknadane i brevet 5. oktober 2023. Klagar la i tillegg ved nokre utfyllande merknader til slettingsvedtaket.
- (7) Frivilligregisteret har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket av 6. desember 2023, og oversende 1. februar 2024 klagen med innstilling til Frivilligregisternemnda for behandling.

### **Det rettslege grunnlaget**

- (8) Det rettslege grunnlaget er lov 29. juni 2007 nr. 88 om register for frivillig verksemd (frivilligregisterlova).
- (9) Det følgjer av frivilligregisterlova § 3 første ledd at registrering i Frivilligregisteret er ein rett som blir gitt til registreringseiningar som driv frivillig verksemd, jf. frivilligregisterlova § 4.
- (10) Frivilligregisterlova § 3 andre ledd bokstav a presiserer at «aktiviteter organisert av det offentlege» ikkje blir rekna som frivillig verksemd.
- (11) Etter frivilligregisterlova § 4 bokstav d er eit aksjeselskap som «utelukkande foretar utdelingar til frivillig virksomhet» ei registreringseining.
- (12) Det følgjer av frivilligregisterlova § 12 tredje ledd andre punktum at ei eining kan bli sletta frå Frivilligregisteret dersom eininga ikkje lenger oppfyller vilkåra i §§ 3 og 4.
- (13) Av forvaltningslova § 34 følgjer det at klageinstansen kan prøve alle sider av saka og under dette ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og skjønnsutøvinga. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

### **Frivilligregisternemnda si vurdering**

- (14) Vitensenteret i Sogn og Fjordane si klage gjeld Frivilligregisteret sitt vedtak 6. desember 2023 om å slette selskapet frå Frivilligregisteret.
- (15) Det følgjer av frivilligregisterlova § 12 tredje ledd andre punktum at Frivilligregisteret kan slette ei eining frå registeret dersom eininga ikkje lenger oppfyller vilkåra etter §§ 3 og 4.

- (16) Registreringseiningar som driv frivillig verksemd har rett til å bli registrert i Frivilligregisteret, jf. § 3 første ledd. I andre ledd bokstav a blir det presisert at aktivitetar «*organisert av det offentlige*» ikkje er frivillig verksemd.
- (17) Det er ikkje berre forvaltningsverksemd organisert i og gjennom forvaltningsorgan som fell utanfor omgrepet frivillig verksemd. Ei verksemd som er organisert privatrettsleg, vil falle utanfor omgrepet dersom det offentlege står bak verksemda. Det følgjer av NOU 2006: 15 s. 27-28 at ein aktivitet er organisert av det offentlege dersom det «*ut fra en totalvurdering kan sies at det offentlige har kontroll med stiftelsen og dennes virksomhet*». I denne vurderinga kan det ha betydning kven som har tatt initiativ til å opprette stiftinga, om den realiserer eit offentleg formål, om den får støtte frå det offentlege og om det offentlege gjennom styrerepresentasjon har organisatorisk kontroll over stiftinga. Departementet slutta seg til vurderingane til arbeidsgruppa på desse punkta i Ot.prp. nr. 55 (2006-2007) s. 38. Frivilligregisternemnda legg til grunn at det same må gjelde for aksjeselskap.
- (18) Det følgjer av vedtektene til klagar § 3 at formålet er å etablere og drive Vitensenteret i Sogn og Fjordane. Frivilligregisternemnda vurderer at formålet og verksemda til selskapet ikkje ivaretek ei typisk offentleg oppgåve, men legg til grunn at det offentlege har interesse i verksemda til klagar. Det følgjer av Forskningsrådet sin årsrapport frå 2022 at vitensentera leverte 33 000 undervisningstimar til 263 000 elevar i 2022. Vitensentera er dermed eit viktig supplement til realfagsopplæringa i grunnskulen. At det offentlege har interesse i verksemda til klagar blir underbygga av at vitensentera får driftstilskot frå det offentlege. Tilskotet er ein del av strategiplanen til styresmaktene for å auke interessa for, og rekrutteringa til realfag.
- (19) I brevet frå Lotteritilsynet 15. september 2023 blir klagar pålagt å sende dokumentasjon på at det offentlege ikkje eig fleirtalet av aksjane i selskapet. I svarbrevet frå klager 5. oktober 2023 vart det ikkje nekta for at det offentlege eig fleirtalet av aksjane. Klagar har også stadfesta i klagen at det offentlege utgjer fleirtalet av aksjonærene. Frivilligregisternemnda legg etter dette til grunn at det offentlege eig fleirtalet av aksjane i selskapet.
- (20) Det følgjer av lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskap (aksjelova) § 5-1 at aksjeeigarane utøver den øvste myndigheita i selskapet gjennom generalforsamlinga. Utgangspunktet etter aksjelova er at kvar aksje gir ei røyst ved generalforsamlinga og at ei avgjerd krev eit alminneleg fleirtal, jf. aksjelova §§ 5-3 og 5-17. Sidan noko anna ikkje er bestemt i lova eller regulert i vedtektene til klager, legg Frivilligregisternemnda til grunn utgangspunktet etter aksjelova. Det offentlege eig meir enn 50 prosent av aksjane og har derfor fleirtal av røystene og bestemmande myndigheit på generalforsamlinga. Det følgjer av dette at det offentlege har kontroll over det styrande organet i selskapet, og dermed også verksemda til selskapet. Det offentlege kan blant anna ha bestemmande myndigheit ved val av styremedlemmer, og det er opplyst i klagen at det offentlege er representert i styret. Om det offentlege vil overstyre dei andre eigarane er ikkje av avgjerande betydning. Omsynet til ein praktikabel regel og den avgrensa moglegheita for Frivilligregisteret til å kontrollere om det offentlege reelt utøver kontroll over selskapet, talar for at det avgjerande må vere om det offentlege *kan* utøve kontroll over selskapet.
- (21) Frivilligregisternemnda legg vidare vekt på at klagar mottek betydeleg offentleg finansiering, at det er oppretta ei tilskotsordning for vitensentera, og at verksemda realiserer eit offentleg formål. Klagar fekk 5,32 millionar kroner frå

Kunnskapsdepartementet i 2023. Det kjem fram av årsrekneskapen frå 2022 at selskapet også fekk ein million kroner i driftstilskot frå Vestland fylkeskommune. Sett i samanheng med at det offentlege utgjer fleirtalet av aksjonærane, tilseier også dette at aktivitetane til klagar er organiserte av det offentlege. At den institusjonelle sektorkoden til klagar er «1520 Kommunalt eide aksjeselskaper mv.», underbyggjer også at verksemda er organisert av det offentlege.

- (22) Frivilligregisternemnda har etter dette kome til at aktivitetane til klagar er organiserte av det offentlege, og at selskapet derfor ikkje driv frivillig verksemd, jf. frivilligregisterlova § 3 første ledd. Det omstende at eigarstrukturen ikkje har endra seg sidan selskapet vart registrert i Frivilligregisteret, endrar ikkje vurderinga til nemnda. Frivilligregisteret må ha moglegheit til å slette einingar frå registeret som feilaktig har vorte registrert eller som ikkje lengre oppfyller vilkåra for registreringsrett. På bakgrunn av at klagar ikkje oppfyller vilkåret i lova § 3 første ledd, har nemnda kome til at selskapet skal slettast frå Frivilligregisteret.
- (23) Frivilligregisternemnda finn ikkje grunn til å vurdere om klagar er ei registreringseining, jf. lova § 3 første ledd, jf. § 4 første ledd bokstav d. Nemnda har kome til at klagar ikkje driv frivillig verksemd, og at selskapet dermed skal slettast frå Frivilligregisteret.

### **Konklusjon**

- (24) Frivilligregisternemnda finn etter ei konkret vurdering av opplysingane i saka at Frivilligregisteret sitt vedtak skal bli oppretthaldt.

### **Vedtak**

Klagen blir ikkje tatt til følgje.

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*